

Saksprotokoll 04.06.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4

Hovudutvalet ber om ei tilbakemelding med svara på dei likelydande breva og korleis ansvaret for drift og vedlikehald av det freda Tyssedal kraftverk blir løyst.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samråystes vedteke.
Kollbotn sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutvalet finn det uhaldbart at statlege styresmakter ikkje har avklart korleis ansvaret for Tyssedal kraftverk skal handterast i lys av sektorprinsippet og delt eigarskap. Hovudutvalet meiner at dette set nasjonale kulturminneverdiar i Vestland i fare, og forventar at slik avklaring vert gjort så snart som råd.
2. Hovudvalet meiner det snarast må kome på plass ei føreseieleg finansiering av drift og vedlikehald av anlegget der ein tek i vare og nyttar Kraftmuseet (NVIM) sin kompetanse på vedlikehald og drift av kulturminnet.
3. Hovudutvalet ber fylkesdirektøren om å sende likelydande brev til Klima- og miljødepartementet, Statkraft og AS Tyssefaldene, med ei tydeleg forventning om snarleg oppfølging av vedtakspunkt 1 og 2.
4. Hovudutvalet ber om ei tilbakemelding med svara på dei likelydande breva og korleis ansvaret for drift og vedlikehald av det freda Tyssedal kraftverk vert løyst.